

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.12.2021
SAKSHANDSAMAR: Sjur Olav Sandal og Øystein Helleseeth
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett 2022 - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2021/4300

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
17.12.2021

STYRESAK:
083/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek følgende investeringsbudsjett for 2022:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2022
Byggteknisk infrastruktur	8 600
Arealplan Lærdal	2 000
Nye Førde sjukehus	267 700
Sum	278 300
Medisinteknisk utstyr (MTU)	40 000
IKT	3 600
Ambulansar	10 000
Sum MTU og andre investeringar	53 600
Sum investeringar	331 900

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor ramma til investeringsbudsjettet. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram fem-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2022.

Oppsummering

Administrerende direktør har tatt utgangspunkt i vedteken økonomiske langtidsplan (ØLP) ved utarbeiding av budsjett for 2022. Foreslegne investeringsbudsjett for 2022 er på 331,9 millionar, medan langtidsbudsjettet la opp til å løyve 419,1 millionar. Redusert behov skriv seg frå utsett finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i åra 2021 og 2022.

Samanlikna med ØLP er ramma for medisinskteknisk utstyr auka med 28 millionar og IKT med 0,9 millionar. For post nybygg og ombyggingar er fem millionar flytta til vedlikehald av bygg i driftsbudsjett.

Hovudsatsinga i 2022 er Nye Førde sjukehus (NFS) med pågåande bygging av Livabygget, samt arbeid i Svanabygget for å kunne knyte bygga saman på ein god måte. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus (LSH). Utover investeringar til bygg er det i sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT-utstyr og nye ambulansar.

Finansiering

Kontantstraum frå drifta gjev følgjande investeringsramme for 2022:

Kontantstraum til å dekke investeringar: (Beløp i heile tusen kroner)	Prognose 2021	Budsjett 2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	20 000	30 000
+ Avskrivning / Nedskrivningar	82 500	95 000
= Kontantstraum fra drift	102 500	125 000
- Avdrag lån	-14 928	-17 885
+ Øyremerkta midlar frå Helse Vest	5 572	0
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-9 079	-19 891
+/- Likviditet frå førre år *	54 305	20 000
+/- Likviditet overført til neste år	-20 000	-20 000
= Kontantstraum til finansiering av investeringar	118 370	87 224
+ Låneopptak NFS	165 000	200 000
+/- Meir /Mindreforbruk av låneopptak NFS	14 340	-17 608
+ Påløppte byggelånsrenter	2 300	6 300
+ Avtale om bruk av finansieringsevne frå Helse Vest	23 700	56 000
Finansieringsgrunnlag investeringar	323 710	331 916

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT kjem som følgje av Helse Førde sin del av vedtekne felles prosjekt i Helse Vest. Lån av bereevne frå Helse Vest er i perioden 2021 og 2022 redusert i høve ØLP med 35,3 millionar. Årsaka er oppdatert plan for Nye Førde sjukehus, der det vert mest behov for midlar i 2023. Auken i 2023 er 47,7 millionar.

Disponering

Med bakgrunn i langtidsplan for investeringsbudsjett og disponibel investeringsramme for 2022, vil administrerende direktør gjøre følgende prioritering for 2022:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Vedteke budsjett 2021	Endring gjennom året	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2022
Byggteknisk infrastruktur	11 600		11 600	8 600
Arealplan Lærdal	7 000		7 000	2 000
Nye Førde sjukehus	258 500		258 500	267 700
Sum bygg	278 100		278 100	278 300
Medisinteknisk utstyr (MTU)	25 000	5 572	30 572	40 000
IKT	2 700		2 700	3 600
Ambulansar	12 300		12 300	10 000
Sum MTU og andre investeringar	40 000	5 572	41 200	53 600
Sum investeringar	318 100	5 572	323 672	331 900

Budsjettendring gjennom 2021 for MTU gjeld tilførsel av midlar frå eigar:

Tillegg MTU	Tal i 1000
Tidleg fosterdialog, rev. Statsbudsjett	1 200
Digital patologi	3 692
Utstyr screeningprogram tarmkreft	680
Sum	5 572

Bygg og teknisk drift

Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS-prosjektet omfattar både bygg og medisinskteknisk utstyr. For 2022 er løyvinga i hovudsak tenkt brukt til bygginga av Livabygget. Dette er eit nybygg for somatikk i åtte etasjar. Bygget skal romme lokale for operasjon, sterilsentral, sengepostar med einerom og spesialrom for poliklinikk. I tillegg til Livabygget ligg det inne midlar til første del av ombygging av Svanabygget (lågbløkk), slik at Livabygget kan kopløst saman med Svanabygget.

Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

Innan byggområdet ynskjer vi å gjennomføre ytterlegare ENØK-tiltak for å redusere energikostnadene. Det er sett av midlar til naudsynt utskifting av sterilteknisk utstyr og til nye senger. Det vert også etablert belysning (SAR Queen) på Farabygget (helikopterbasen). Ved LSH vert det fokusert på utviding av kjølekapasitet og på legionellasikring .

Arealplan Lærdal sjukehus

Arealplan Lærdal har i 2021 fått ferdigstilt oppgradering av fysikalsk avdeling, samt utbetring av sengesentral. Arbeidet er no starta for å utbetre kjøkken og varemottak (rein/urein sone). Det er planlagt oppgradering av resepsjon og vestibyleområdet, samt overbygg inngangsparti. Dette vil gje sjukehuset i Lærdal eit meir tiltalande uttrykk. Vi ser no på arealet til legevakta der det er ønskje om å samle all aktivitet i plan 1. Det vert i 2022 sett i gang planarbeid for å tilpasse arealet for somatikk for å stette krava i framtidige driftsmodell.

Medisinskteknisk utstyr

Prioriteringane for 2022 vert gjort i samråd med medisinsk- og kirurgisk klinikk med fokus på betre pasientbehandling, teknisk tilstand, rasjonell drift, samt datafangst og digitalisering. Vi ønskjer løysingar som forenkler arbeidskvardagen til tilsette, og som er gode for pasientane.

Bruk av investeringsmidlane vert samordna med prioriteringane i prosjekt Nye Førde sjukehus. Analysemaskiner, ryggkirurgi- og laserutstyr er mellom utstyr som vert prioritert i 2022.

Det er og planar om å bruke investeringsmidlar for å modernisere og automatisere prosessane på laboratoriet. Utstyret vil stette krava i tenesteutviklingsprosjektet til innovasjon, samt gje trygge, effektive og gode arbeidsprosessar. Vi får auka kapasitet og redusert svartid som følgje av investeringa. I tillegg er dette ei viktig investering i forhold til kapasitet i samband med pandemiar.

Ambulansar

Tenesta treng føreseieleg utskiftingstakt, og planlegg i 2022 å bestille seks ambulansebilar innanfor investeringsramma. Vedvarande lang leveringstid på bilchassis i nye avtalar gjer det nødvendig å oppretthalde ei høg utskiftingstakt for å førebyggje høg alder og kilometerstand. I 2021 er det levert 13 ambulansebilar på gjeldande rammeavtaler, basert på akkumulert investeringsramme. Dette har letta driftssituasjonen inneverande år.

Ambulansetenesta har 34 bilar i operativ teneste, i tillegg til reservebilar, beredskapsambulansar og kvit bil. Vedtak i prehospital plan med kompensierende tiltak som omhandlar beredskapsambulansar, illustrerer behovet for ein operativ bilpark som sikrar funksjonell gjenbruk av bilar etter perioden som ordinær ambulansebil.

Tilrådinga er basert på alder og slitasje på materiellet, samt intensjonane om ein føreseieleg utskiftingsplan.

Prioritering IKT

Midlane til IKT, 3,6 millionar, er planlagt brukt både til utstyr og til infrastruktur. Vi må investere for å hente ut driftsmessige gevinstar frå dei store IKT-investeringsprosjekta. Vidare

utbygging av mobildekning og trådløst nett, samt IKT-utstyr som medisintraller og PC-traller er hovudfokus i 2022.

Helse Vest IKT

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2022 er 273 millionar. Ved bruk av fordelingsnøkkel er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)		
Namn	Helse Vest	Helse Førde
Investering regionale prosjekt	273 000	30 904
- Midler frå Helse Vest RHF	-45 000	-5 094
Investering region portefølje bygg	99 055	11 213
Investering IKT-Byggstøtte	7 000	792
Investering infrastruktur og leieordning	160 000	18 112
Investering forvaltede lkøsninger	10 000	1 132
Investering HF-spesifikke prosjekt	19 220	1 000
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	-256 004	-28 980
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	-72 199	-9 188
Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT	240 072	19 891
Fordelingsnøkkel etter inntektsmodell	100 %	11,3 %

Programma med tilhøyrande prosjekt held fram i 2022, det gjeld HELIKS og Alle møter.

LIBRA-programmet blei avslutta ved utgangen av 2021, men nokre løysningssakar knytt til LIBRA står att. I tillegg kjem kritiske leveransar til byggeprosjekta i Helse Vest og utvikling av meldingsvarslar. Det vil og vere trong for investeringar i infrastruktur.

Investeringsplan for Helse Førde 2022 - 2026

Område	Investeringsområder (tal i millioner kroner)							Sum 5 år 2022-26
		2021	2022	2023	2024	2025	2026	
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	-	1,0	1,0	1,0	1,0	4,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	11,6	8,6	14,6	16,6	14,6	17,0	71,4
	Arealplan LSH	7,0	2,0					2,0
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	250,0	252,0	445,0	176,0	76,0	88,0	1 037,0
	Nye Førde sjukehus - MTU	6,2	9,4	26,3	9,1	2,5	5,5	52,8
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	2,3	6,3	13,4	0,5	1,6		21,8
	Sum nybygg/ombyggingar	278,1	278,3	500,3	203,2	95,7	111,5	1 189,0
Medisin teknisk teknisk utstyr	MTU	30,6	20,0	20,0	20,0	20,0	27,0	107,0
	Labratorie	-	20,0					20,0
	Sum medisin teknisk utstyr	30,6	40,0	20,0	20,0	20,0	27,0	127,0
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	0,9						0,0
	IKT utstyr	1,8	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
	Sum IKT-investeringar	2,7	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
Andre investeringar	Ambulansar	12,3	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum andre investeringar	12,3	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
Sum investeringar		323,7	331,9	533,9	236,8	129,3	152,1	1 384,0
Finansiering								
	Finansiering før NFS finansiering	112,8	86,6	114,9	96,5	101,3	109,6	508,9
	Øyremerka midlar Helse Vest 2021	5,6						0,0
	Lån NFS	179,3	183,0	329,9	129,6	55,0	65,5	763,0
	Lån NFS, renter byggelån	2,3	6,3	13,4	0,5	1,6		21,8
	Estemert behov for bæreevne frå Helse Vest	23,7	56,0	75,7	10,2	-28,6	-23,0	90,3
	Sum finansieringsevne	323,7	331,9	533,9	236,8	129,3	152,1	1 384,0

Administrerande direktør har lagt vedteken økonomisk langtidsplan til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2022. Budsjettet har ei ramme på 331,9 millionar.

Prosjekt Nye Førde sjukehus vart starta opp i 2017 og vi vil trenge bereevne. I utgangspunktet har vi nok likviditet, men enkelte år kan det vere behov for å låne inntil 50 millionar frå Helse Vest då ein ikkje kan nytte kassekreditten til å handtere investeringar.